

Velkommen til sesongen 2022 i Bulken IL - Fotball

Dette er ein kort oppsummering. Meir info finn du på www.bulkenil.no og <https://www.facebook.com/Bulkenil>. Kwart lag har i tillegg ofte ei facebookside etc. for intern kommunikasjon.

Utstyrsrommet

Alle er ansvarlege for å halde orden i ballrommet. *Trenarar/ lagleiarar* hentar ut det dei treng. Fellesutstyr finn du i hyllene. Kjegler ligg under taket ved tribuna. Alle ballar og anna utstyr skal på plass etter trening. Kwart lag har nett med ballar og kvar sin knagg. Respekter dette og ikkje bruk andre lag sitt utstyr!

Trening

Variert kor de legg treningsfeltet på banen. Fotballmåla skal flyttast ut av banen etter trening/kamp for klipping av graset.

Kampar

7-åringar har cupdagar vår og haust; totalt 5 datoar. Kampoppsett for dei eldre vert lagt ut på heimesida. For dei over 9 år; last ned app MinFotball. På heimekampar må laga sjølve sørge for å laga til bane (5ar er ca 20x30 m, 7ar 30x50). Hugs å ta med vestar i tilfelle draktkollisjon.

Dommar

Lagleiar må ringe/sende SMS til dommar før heimekampane. Liste over dommarar ligg på heimesida.

Kiosk

På kampdagar er det ope kiosk; ansvar går på rundgang mellom foreldra. Lagleiar varslar sine. Liste over oppgåver til kioskvakta heng inne i kiosken. Hugs å låne nøkkel til din vakt.

Lagleiar er kontaktperson mot fotballstyret

Trenar og lagleiar på kvart lag skal ha nøkkel til Eideshagen. Ta kontakt med styret om du er ny og skal ha nøkkel. Lagleiar får kvar sin bag med drakter, vikevestar og førstehjelpsutstyr. Ta kontakt med ein i styret når du treng supplering.

Lagleiar skal oppdatere spelarliste

Lagleiar lagar/oppdaterer liste over spelarar. Vi treng namn, adresse og fødselsdato på spelar samt namn, tlf og e-post til foreldre. Send denne før første kamp til fotball@bulkenil.no

Politiattest

Alle som er involvert i laga (trenar, lagleiar) må ha politiattest. Poliattesten søker du om via Altinn. Du må legge ved eit formålsskjema. Dette får du tilsendt av styret. Etter at du får politiattesten må du scanne denne og sende til post@bulkenil.no

Ynskjer laget ditt delta på fleire cupar?

Det er opp til laga sjølv om dei ynskjer å delta på fleire cupar. Ta kontakt med styret i forhold til påmeldingsavgift.

Grasrotandelen

Me vil oppfordra alle til å registrera seg for Bulken IL hjå Norsk Tipping for Grasrotandel. Dette gir Bulken ein del av overskotet frå Norsk Tipping.

Speletid seriekampar

5ar fotball: 2 x 25

7ar fotball: 2 x 30

9ar fotball: 2 x 35

Kva kostar det å spele fotball

Alle som spelar fotball må vere medlem i Bulken IL. Dette kostar 150,- per barn eller 400,- for ein heil familie. Innmelding i laget skjer via minidrett.no. I tillegg kjem treningsavgift til fotballgruppa på kr 350,- for dei minste laga og 500,- for dei eldre laga. Faktura kjem på e-post.

Enkelte cupar vil koste litt ekstra.

Dugnad i Bulken IL - Fotball

Inntekter frå cupane vi arrangerer går til å melde på lag i serie og cup samt drift av hus, bane og utstyr.

Eideshagen Cup (sept)

Her må alle rekne med å stille; gje melding til styret i god tid i forkant om du ikkje kan stille denne dagen.

Romjuls cup (3-5. joladag)

(13 år og oppover kan spele cup)

Foreldre vert sett opp på ei 4-timars vakt i kiosken i idrettshallen. Dette gjeld også foreldre til dei yngre laga.

Kiosk under seriekampar

Kiosksal under kampar dekker dommarutgifter. Me sett pris på om du prøver å byte innbyrdes om det ikkje høver når du vert sett opp.

Dugnad i Eideshagen

Rett etter sommarferien samlast vi og slår kantar rundt banen samt anna arbeid.

Kontaktinfo Bulken IL

Postboks 458, 5701 Voss

E-post: fotball@bulkenil.no

Kontonr. fotball: 3480.16.02624

Styret: Sjå kontaktinfo på heimesida



Lukka te med sesongen!